



Årsmelding

Bø o-lag 2023



Bilde av den yngre garde som mottok deltakerpremier ved avslutningen av orienteringsåret 2023.

Årsmelding for Bø O-lag 2023

Styret for Bø o-lag har sett slik ut:

Leder og sekretær:	Tone A. Nilsen	på valg
Kasserer og kartansvarlig:	Steinar Lande	på valg
Nestleder:	Elisabeth Solberg	på valg
Styremedlem	Ingunn Fjørtoft	ikke på valg
	Leif Halvor Sunde	ikke på valg, 1 år igjen
Varamedlemmer:	Dag-Øyvind Olsen Djupvik	ikke på valg
	Øyvind Støren	på valg
Valkomitè:	Jon Solberg	
Revisor:	Trude Harstad	

Det har vore 3 styremøte i 2023, 15 saker til drøfting.

Medlemstal og økonomi (Steinar Lande)

Medlemstalet i 2023 er 109 som er ein nedgang på 11 frå 2022.

Rekneskapen viser eit underskot i 2023 på kr 41 990. Ein av grunnane til det store underskotet er utgifter til synfaring av o-kart Folkestadåsane (ca 90 000 kr), spelemiddel og anna støtte til dette kartet blir utbetalt i 2024.

Bø o-lag har ein eigenkapital på 247 818 kr og bankinnskot på kr 245 930 pr. 31.12.2023.

Telemark 2 dagers 2023

Søndag 4.juni arrangerte Bø O-lag orienteringsløp i Breskelia i Bø. 45 poster ute i skogen la grunnlaget for 7 løyper i forskjellige lengder og vanskelighetsgrader. Terrenget er fint å løpe i og området er godt egnet til å lage gode o-løyper. Gode tilbakemeldinger fra løpere. Takk til grunneiere for lån av området.

Arrangementet hadde egen småtroll løype. Her er det mange ivrige deltakere som stolt følger kart, finner poster og mottar premie.

Mange fra Bø O-lag var med på å arrangere denne dagen. Det er godt samarbeid i klubben og det er hyggelig å jobbe dugnad når en har med seg så mange dyktige og flinke folk! En ekstra takk til Dag Steinar Ragvin som løypelegger og Steinar Lande som løypekontrollør. God påmelding med 166 påmeldte og nydelig vær gjorde denne dagen til en fin orienteringsdag!



Kartarbeid 2023 (Steinar Lande)

Breskelia o-kart blei avslutta og ferdigteikna hausten 2022 (ca. 2.5 km²). Nokre korrigeringar blei utført før løpet i juni 2023.

Spelemlidar for dette kartet (39 000 kr) blei utbetalt i 2023.

Folkestadåsane har blitt resynfart hausten 2023 (Helge Gisholt), kartet blir ferdig tegna vinter 2024. Sprintkart i Bø Sommarland er også ein del av kartbasen Folkestadåsane som blir ferdig til Sørlandsgaloppen 2024.

Kartarbeidet med nytt sprintkart over Bø sentrum og områda rundt blei starta opp hausten 2023 (kartgrunnlag, spelemiddelsøknad). Det er planlagt fullført og avslutta i 2024.

REKRUTTERING (Dag Steinar Ragvin)

To Råtassen – barneorienteringar blei gjennomført dei to første onsdagane etter påske før treningsløpa starta opp. Det eine ved Bø skule og det andre ved Gullbring.

Det blei ikkje arrangert skuleorientering.

I N-løypa starta 51 om våren (99 i 2022, 149 i 2021) og 43 om hausten (28 i 2022, 60 i 2021).

I C-løypa starta 39 om våren (25 i 2022, 40 i 2021) og 30 om hausten (23 i 2022, 29 i 2021).

SPORTSLEG AKTIVITET (Dag Steinar Ragvin)

Treningsløp

16 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp. Desse arrangementa hadde totalt 443 startar, 28 i gjennomsnitt pr. gong. Deltakinga har variert frå 17 til 40. Siste åra:

- 2013: 720 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2014: 860 startar i 21 løp, i snitt 41 pr. løp
- 2015: 725 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp

- 2016: 755 startar i 20 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2017: 926 startar i 19 løp, i snitt 46 pr. løp
- 2018: 802 startar i 21 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2019: 575 startar i 18 løp, i snitt 32 pr. løp
- 2020: 931 startar i 21 løp, i snitt 44 pr. løp
- 2021: 804 startar i 19 løp, i snitt 42 pr. løp
- 2022: 519 startar i 18 løp, i snitt 29 pr. løp
- 2023: 443 startar i 16 løp, i snitt 28 pr. løp

122 personar (6 færre enn året før, 35 færre enn i 2021 og 55 færre enn i 2020) deltok ein eller fleire gonger. Tusen takk til alle som har hjelpt til og alle som har deltatt!

Treningar

Ingrid Olsen Haugen var engasjert som trenar for vidarekomne barn kvar onsdag før sommarferien. Opplegget bestod i å følge opp løparane spesielt og være saman med dei i skogen på C – løypa, i tillegg til litt innslag av leik og moro. Ca. 1 – 3 deltok.

Ein gruppe foreldre veksla på å ha eit opplegg der dei i forkant av nybegynnarløypa hadde lit leik og moro, for så å springe løypa kvar for seg med oppsyn av ein vaksen eller to. Opplegget vara heile sesongen. Nokre var med i starten, men etter kvart møtte nesten ingen barn og (de som var ansvarlige) foreldre gløymte også å møte opp.

Klubbmeisterskap

Blei ikkje avholdt. Det er fleire år sida siste klubbmeisterskap nå.

Deltaking frå o – laget i større løp

Sørlandsgaloppen Arendal 12

Drangedal 11

Høydalsmo 11

Rauland 11

Bø 11

Skien 9

Notodden 8

Pinseløp Kongsberg 8

Kretsmeistrar og medaljar/merke i KM

Sprint Notodden

H15-16: Gaute Bratland Solberg Bronse

Mellomdistanse i Høydalsmo

H21: Dag Steinar Ragvin Sølv

H21: Lars Steinar Hefre Bronse

Langdistanse Hvitvingfoss

H15-16: Gaute Bratland Solberg Bronse

H21: Dag Steinar Ragvin Gull

H21: Lars Steinar Hefre Bronse

Resultat frå NM og liknande

Hovedløpet Sandnes

6. Gaute Bratland Solberg H15

Hovedløpet kretsstafett Sandnes

Gaute deltok på Vestfold og Telemark orienteringskrets sitt lag nr. 5 som vart nr. 45.

NM langdistanse Vatnestraum (Indre Agder)

48. Dag Steinar Ragvin H21

Veteranmeisterskapet Eiker

5. Synnøve Dalva D80 langdistanse

- 6. Synnøve Dalva D80 mellomdistanse
- 12. Bjørg Mostaul D75 langdistanse
- 20. Bjørn Steen H70 langdistanse
- 24. Hallvard Myrvoll H75 langdistanse

Klubbturnar/leirar

Gaute Bratland Solberg deltok på o – landsleiren for ungdom i Trondheim i samband med Hovedløpet. Han har også deltatt på andre leirar i samband med 13-16-års satsinga til orienteringskretsen MOTTV.

Sosialt

Klubbkveld

Sesongen startet med Råtassløp på Bø Skule med påfølgende klubbkveld på Frivillighetsentralen i Bø. Opplæring for voksne nybegynnere og felles kveldsmat.

Porsgrunn City Race

4 barn og en voksen, Elisabeth Solberg deltok i Porsgrunn City Race. Fin dag med både o-aktivitet og sosialt.

Vår sesongavslutning

Vårsesongen blei avslutta med grilling og bading ved Åselva, i etterkant av siste treningsløp før sommerferien.

Avslutningsfest på Bø Ungdomskule

Årets avslutning for 2023 sesongen blei på Bø Ungdomskule. Kvelden inneholdt pizza, quiz, o-løp i aulaen, loddtrekning og utdeling av deltagerpremier for de yngste i klubben. Takk for ein hyggelig kveld!

Stolpejakten 2023

95 stolper stod i Bø sentrum, Nordbøåsen, Hørte, Gvarv – Evju og Nes. Vi samarbeida også i år med Sauherad IL. Vi var litt seint ute og starta ikkje før i juni.

1713 personar har registrert 1 eller fleire stolpar.

240 personar busett i kommunen har registrert 1 eller fleire stolpar.

23 personar busett i kommunen har registrert 50 stolpar eller fleire.

Styret takkar medlemmane og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2023.

For styret, leder

Tone A. Nilsen